

Helse- og omsorgsdepartementet
Postboks 8011 Dep
0030 Oslo

Dykker ref:

Vår ref:
2018/624 - 4684/2018

Sakshandsamar:
Inger Økland

Dato:
18.09.2018

Høyring - avvikling av meldeordninga etter spesialisthelsetenestelova § 3-3

Ein viser til Høyringsnotat frå Helse- og omsorgsdepartementet 7. august 2018. Helse Vest RHF har bede om innspel frå helseføretaka i regionen til eit felles høyringssvar frå RHF-et.

Det viser seg at helseføretaka er delte i sine tilbakemeldingar. Alle framhevar likevel fordelane med oversikt over uønskte hendingar på eit nasjonalt, aggregert nivå, og bevisstgjeringa om pasienttryggleik og uønskte hendingar som meldeordninga har arbeidd så sterkt for. Dei helseføretaka som har nytta læringsnotata frå meldeordninga i undervisningssamanheng og pasienttryggleksarbeid har også opplevd desse som relevante og aktuelle for problemstillingane som er blitt tatt opp i læringsnotata.

Sanksjonsfri meldeplikt for læringsføremål er antatt å gje betre meldekultur enn meldingar til tilsynsmyndighet, og det er usikkert om helseføretaka sine interne meldesystem og deira ansvar for å følgje opp uønskte hendingar vil kunne erstatta meldeordninga – særleg når det gjeld hendingar utan alvorleg konsekvens. Desse meldingane har stor læringsverdi på systemnivå, fordi meldingane innehold tiltak som vart sette i verk for å hindre/redusere pasientskade. Å erstatte nåverande meldeordning med utvida varselplikt til Statens helsetilsyn kan oppfattast som ei vriding frå læring til sanksjonar. Kva slags rolle Undersøkelseskommisjonen kjem til å få når det gjeld uønskte hendingar, er vel ikkje avklart.

Helseføretaka viser også til andre prosjekt som kan påverkast av ei eventuell avvikling av meldeordninga. Både NOKUP og Én vei inn er prosjekt som har kravd investeringar og arbeidsinnsats, og det er usikkert kva som hender med drift og styring av desse prosjekta utan meldeordninga som koordinerande instans.

Det er bra at HOD ønsker å vurdere nytteverde og ressursbruk ved ulike ordningar og tiltak, og meldeordninga kunne sikkert vore effektivisert og forbetra. Men i staden for å gjere ei ny evaluering, blir altså ordninga føreslått avvikla.

Helse Bergen skriv i sin konklusjon: «I den grad forslaget om nedlegging av Meldeordningen er begrunnet i usikkerhet mht ordningens effekt på pasientsikkerheten i et kost/nytte-perspektiv, vil vi mene at det fremdeles er for tidlig å vurdere dette. Det foreligger ikke kunnskap som tilsier at ordningen ikke er kost/nytte-effektiv i et pasientsikkerhetsperspektiv. Det er imidlertid meget sannsynlig at Meldeordningen har lykkes i sitt vesentligste formål; å bidra til å innføre systemperspektiv på flere nivåer, åpenhetskultur og ikke-straffende miljø ved læring fra uønskede hendelser.»

Vennleg helsing
Fagavdelingen

Baard-Christian Schem

Baard-Christian Schem
Fagdirektør

Inger Økland

Inger Økland
Assisterande fagdirektør

Vedlegg: Høyringsinnspele frå Helse Bergen og Helse Førde.